

# 2025

## Kunnskapsgrunnlag Barnehage – og skulebruksplan Suldal kommune. Foreldreundersøkinga – vedlegg 2



## Innhold

<b>1 FORELDREUNDERSØKINGA</b>	<b>2</b>
1.1 Skule	4
1.1.1 Undervisning og opplæring – skulen sin praksis	5
1.1.2 Struktur og ressursutnytting	11
1.1.3 Kompetanse	17
1.1.4 Bygg	21
1.2 Barnehage	27
1.2.1 Barnehagen sin praksis	27
1.2.2 Struktur	36
1.2.3 Kompetanse	39
1.2.4 Bygg	42

# 1 FORELDREUNDERSØKINGA

I samband med kunnskapsgrunnlaget til barnehage- og skulebruksplanen, har Norconsult hentat innspel og meningar frå foreldre i skule og barnehage om korleis dei opplever kvalitet på bygg og tenestetilbod.

Her vart foreldre invitert til å vurdere ulike sider ved kvaliteten på tilbodet skulen gjev innafor områda:


- Undervisning og opplæring – skulen sin praksis
- Ressursutnytting
- Kompetanse og utvikling
- Fysisk læringsmiljø

I den digitale undersøkinga fekk foreldra høve til å svare på 22 spørsmål. Samla er det kome inn 192 svar frå skule og 69 svar frå barnehage, med ei slik svarfordeling:

## Barnehage:

1. Kva barnehage har du barn i?


● Jelsa oppvekstsenter, barnehage	6
● Kjølvikstolen barnehage	12
● Sand barnehage	28
● Stølane barnehage	10
● Vinjar barnehage (inkludert Nesflaten)	13



## Skule:

1. Kva skule har du barn på?

● Erfjord skule	33
● Jelsa oppvekstsenter (skule)	8
● Marvik skule	19
● Nesflaten skule	11
● Sand skule	84
● Vinjar skule	37



## Generelt om tolking av resultat:

- Foreldra sitt høve til å svare på spørsmåla vil variere. Det heng mellom anna tett saman med kor gode barnehagane og skulane er til å formidle frå kvardag og pedagogikk.
- Vi erfarer i mange tilsvarende strukturutgreiingar at foreldre ved einingar som kjenner seg utsette for endring og nedleggjing, generelt er meir positive til både bygg, drift og innhald. Dette kan t.d. gje seg utslag som at foreldre ved einskilde skular og barnehagar kan vurdere openbart svært slitte, for små og dysfunksjonelle anlegg positivt.

- Foreldre er svært viktige ressursar i arbeidet med kvalitetsutvikling i skule og barnehage. På nokre spørsmål svarar ein del foreldre negativt om kvalitet. Kommunen bør søke å lage arenaer der desse foreldra får komme til orde på trygt vis, slik at ein kan involvere dei i vidare kvalitetsutvikling i skulane.

Vidare gjev vi ei oversikt over svara i undersøkinga, fordelt på dei ulike skulane og barnehagane i Suldal kommune. Når vi i dokumentet refererer til foreldra, er det respondentane i undersøkinga vi refererer til.

## 1.1 Skule


### Hovudfunn

1. Dei fleste respondentane synes å vere positive i tilbakemeldingane om eigen skule; både om praksis, likeverd, kompetanse, ressursar og bygg.
  2. Føresette ved dei minste skulane uttrykker i undersøkinga jamt over større tilfredsheit enn føresette ved dei større skulane.
  3. Eit stort fleirtal respondentar meiner skulane lukkast i arbeidet for eit godt og trygt skolemiljø.
  4. Nokre av tilbakemeldingane frå foreldre om bygg og kompetanse kan vere noko overraskande i lys av andre funn og vurderingar i arbeidet med kunnskapsgrunnlaget.
    - a. Vi har gjennom intervju og dokumentanalyse avdekkja stor kompetansemangel kommunalt og på einskildskular. Dette kjem ikkje like tydeleg fram på alle skular i denne undersøkinga, og skilnaden mellom foreldresvar på denne undersøkinga og andre funn vert høvesvis større på dei små skulane. Føresette er i høvesvis stor grad nøgde med tilsette sin kompetanse i denne undersøkinga.
    - b. Foreldra opplever i hovudsak at dei fysiske rammene for læring er gode. Dette er til ei viss grad i motstrid til den pedagogiske funksjonsvurderinga av anlegga, som peikar på fleire utfordringar og manglar.
  5. Samla opplever over 40% av respondentane at skulane har vanskar med å skaffe kvalifisert vikarar (noko som kommunen er pålagt å ha ordningar for i ny opplæringslov).
  6. Høvesvis mange foreldre ved skulane synes å oppleve at dagens struktur ikkje er tilpassa neverande og framtidig barnetal. Foreldre ved Nesflaten meiner i størst grad at strukturen er godt tilpassa neverande og framtidig elevtal.
-

### 1.1.1 Undervisning og opplæring – skulen sin praksis


1. I kva grad opplever du at skulen lukkast i arbeidet for eit godt og trygt læringsmiljø?

■ I svært liten grad	3
■ I liten grad	9
■ I nokså liten grad	20
■ I nokså stor grad	45
■ I stor grad	61
■ I svært stor grad	52
■ Veit ikkje / ønsker ikkje å svare	1



113 av 192 respondentar (59 %) meiner skulane i stor eller svært stor grad lukkast i arbeidet for eit godt og trygt skulemiljø. Berre 6 % av respondentane meiner det i liten eller svært liten grad.


Svar fordelt skulevis:



Dei fleste foreldra på alle skulane er nøgde. Ein større andel på Sand og Erfjord meiner at skulen ikkje lukkast like godt i arbeidet med eit trygt og godt læringsmiljø. Foreldre ved Marvik, Nesflaten og Jelsa er mest positive.


2. I kva grad opplever du at opplæringa ved skulen er kjenneteikna av felles praksis, slik at undervisninga ikkje vert tilfeldig frå lærar til lærar?

● I svært liten grad	5
● I liten grad	13
● I nokså liten grad	23
● I nokså stor grad	54
● I stor grad	47
● I svært stor grad	25
● Veit ikkje / ønsker ikkje å svare	23




Eit fleirtal av foreldra meiner opplæringa er kjenneteikna av felles praksis. Nærare 10 % av respondentane meiner det i svært liten og liten grad.

Svar fordelt skulevis:




Går vi inn i svara frå den enkelte skule, ser vi at foreldra på Jelsa, Marvik og Nesflaten er mest positive. Svara som representerer Erfjord og Sand er meir sprikande og fordeler seg på svaralternativa i større grad.

3. I kva grad opplever du at skulen lyttar til elevane og involverer elevane i eiga læring og utvikling?




Om lag 48 % av respondentane meiner dette i stor eller svært stor grad. Dei om lag 5 % som svarar i svært liten og liten grad, bør ein søke å møte til dialog.

Svar fordelt skulevis:




Skulevis: Foreldra på Sand spreiar seg noko meir i svara enn ved dei andre skulane;  $\frac{1}{4}$  svarer på negativ halvdel av svarskalaen. Respondentane ved Erfjord opplever det også i mindre grad. Foreldra ved Nesflaten er mest positive.

4. I kva grad opplever du at skulen tilpassar undervisninga til ditt barn sine behov?




Eit fleirtal av respondentane synes nøgde med tilpassinga. 20% av respondentane svarar i svært stor grad.

Svar fordelt skulevis:




Sand og Vinjar opplever i minst grad god tilpassing. Nesflaten, Marvik og Jelsa får høvesvis best score av foreldra på dette spørsmålet.

5. I kva grad opplever du at den spesialpedagogiske praksisen ved skulen er inkluderande?




På dette spørsmålet svarar heile 60 respondentar at dei ikkje veit / ønskjer å svare. Dette kan vere naturleg, då dei fleste foreldra har barn som ikkje har vedtak om ITO. Suldal bør söke å fange opp dei foreldra som er mindre fornøgde, for å kome i dialog om kva ein kan gjere for å lukkast i større grad.

Svar fordelt skulevis:




Respondentane ved Marvik og Jelsa synes å vere mest positive til skulen sin inkluderande spesialpedagogiske praksis.

#### 6. I kva grad opplever du at undervisninga på skulen er praktisk og variert?



Ein får mykje lik svarfordeling som på dei førre spørsmåla knytt til skulen sin praksis; Eit fleirtal synes å vere nøgde. Eit mindretal på 25 % svarar likevel på den negative halvdelen av skalaen.

Svar fordelt skulevis:




Respondentane ved Nesflaten, Jelsa og Marvik synes å vere mest nøgde med korleis skulen får til praktisk og variert undervisning.

## 1.1.2 Struktur og ressursutnytting


7. I kva grad meiner du dagens skulestruktur (tal skular og plassering) er tilpassa noverande og venta framtidig elevtal i kommunen?

I svært liten grad	30
I liten grad	28
I nokså liten grad	29
I nokså stor grad	32
I stor grad	32
I svært stor grad	22
Veit ikkje / ønsker ikkje å svare	18



Foreldra fordeler seg høvesvis jamt på svaralternativa, og på kvar si side av skalaen. Det er høvesvis fleire respondentar som er negative til om dagens struktur er tilpassa elevtalet, enn talet respondentar som var negative til kvaliteten på opplæringa på eigen skule.


Svar fordelt skulevis:



Respondentane frå Sand og Vinjar meiner i minst grad at strukturen er tilpassa elevtalet. Eit stort fleirtal ved Nesflaten er positive til dagens struktur. På dei andre skulane er respondentane meir delte i svar og oppfatning.


8. I kva grad opplever du at dagens skulestruktur gjer det enkelt for skulane å samarbeide med støttetenestene (skulehelsetenesta, PPT, Barneverntenesta)?

● I svært liten grad	19
● I liten grad	18
● I nokså liten grad	16
● I nokså stor grad	36
● I stor grad	37
● I svært stor grad	22
● Veit ikkje / ønsker ikkje å svare	43




På dette spørsmålet er det høvesvis mange som ikkje veit/ikkje ønsker svare. Av dei som har svart, er eit fleirtal positive til at dagens skulestruktur fremjar samarbeid med støttetenestene. Samstundes er eit høvesvis stort mindretal på 27% usikre på om strukturen er gunstig for godt samarbeid i «laget rundt eleven».

Svar fordelt skulevis:




Den store andelen som ikkje veit / ikkje ønsker å svare, kan handle om at mange ikkje har barn som får hjelp av støttetenestene, og at ein ikkje har innsikt i det systemiske arbeidet støttetenestene utfører. 38 % av respondentane frå Jelsa opplever i nokså liten grad at strukturen fremjar samarbeidet. Også frå dette perspektivet er respondentane frå Marvik og Nesflaten dei som i størst grad opplever dagens struktur som føremålstenleg.

9. I kva grad opplever du at skulen har dei menneskelege ressursane som skal til for å drive ein god skule?



Om lag 60 % av respondentane meiner skulen i nokon grad har dei menneskelege ressursane som skal til for å drive god skule. 35 % av foreldra er meir skeptiske til om det er slik ved eigen skule.


Svar fordelt skulevis:



Respondentar frå Jelsa, Marvik og til dels Nesflaten synes i størst grad å meine at skulen har dei menneskelege ressursane den treng for å drive god skule. Respondentar ved Vinjar er også høvesvis positive til dette. Føresette ved Sand meiner det i minst grad.


**10. I kva grad opplever du at skulen har dei økonomiske ressursane som skal til for å drive ein god skule?**

● I svært liten grad	16
● I liten grad	19
● I nokså liten grad	40
● I nokså stor grad	48
● I stor grad	41
● I svært stor grad	9
● Veit ikkje / ønsker ikkje å svare	18



Dei fleste respondentane meiner ein i nokså stor eller stor grad har dei økonomiske ressursane. Det er samstundes nærmare 40 % av foreldra som verkar usikre på om skulane har dei økonomiske ressursane som skal til for å drive ein god skule.


Svar fordelt skulevis:



Respondentar frå Nesflaten og Jelsa opplever i størst grad at skulane har dei økonomiske ressursane dei treng for å drive god skule. Fleire respondentar både ved Erfjord, Vinjar og Sand synes meir usikre på dette.


11. I kva grad opplever du at skulen aktivt nyttar nærmiljøet som ein ressurs for læring og trivsel?

I svært liten grad	8
I liten grad	14
I nokså liten grad	33
I nokså stor grad	39
I stor grad	46
I svært stor grad	46
Veit ikkje / ønsker ikkje å svare	5




Fleirtalet av respondentane i undersøkinga meiner skulen aktivt nyttar nærmiljøet som ressurs for læring og trivsel.

Svar fordelt skulevis:




Det er høvesvis flest respondentar frå Nesflaten, Marvik og Jelsa som meiner skulen nyttar nærmiljøet som ressurs, færrest frå Vinjar og Sand.

**12. I kva grad opplever du at nærmiljøet nyttar skuleanlegget aktivt til ulike føremål, ettermiddagar og helger?**



Svært mange respondentar opplever at nærmiljøet nyttar skuleanlegget aktivt til ulike føremål.

Svar fordelt skulevis:




Føresette flest meiner nærmiljøet nyttar skulane til ulike føremål. På dette spørsmålet er det Marvik som utmerkar seg med fleire svar som tyder på mindre bruk av skulen som nærmiljøanlegg.

### 1.1.3 Kompetanse


13. I kva grad opplever du at skulen har god kompetanse til å ivareta alle barn, også barn med særskilte vanskar og ulike behov?

● I svært liten grad	9
● I liten grad	13
● I nokså liten grad	28
● I nokså stor grad	39
● I stor grad	56
● I svært stor grad	17
● Veit ikkje / ønsker ikkje å svare	29




Dei fleste respondentane meiner skulen har kompetanse til å ivareta alle barn. Ein høvesvis stor del av foreldra svarar også at dei ikkje veit / ikkje ønskjer svare. Om lag 1 av 4 respondentar meiner i mindre grad at skulen har slik kompetanse.

Svar fordelt skulevis:




Høvesvis færrest respondentar ved Sand og Erfjord opplever at skulen har god kompetanse til å ivareta alle barn. Ved Marvik, Jelsa og Nesflaten opplever foreldra i større grad at skulen har slik kompetanse. Høvesvis flest svarar veit ikkje ved Vinjar.

14. I kva grad opplever du at skulen har god kompetanse innan digital læring?



Foreldra i Suldal opplever i høvesvis stor grad at skulen har kompetanse innan digital læring. 77% av respondentane svarar frå i nokså stor til svært stor grad.


Svar fordelt skulevis:



Foreldra er jamt over positive til skulane sin digitale kompetanse. Foreldre ved Erfjord og Nesflaten kan vere litt meir usikre på dette enn ved dei andre skulane.


15. I kva grad opplever du at skulen klarar å skaffe vikarar med god og relevant kompetanse?

I svært liten grad	26
I liten grad	24
I nokså liten grad	30
I nokså stor grad	45
I stor grad	32
I svært stor grad	11
Veit ikkje / ønsker ikkje å svare	23




6 % av foreldra opplever at skulen i svært stor grad klarar å skaffe vikarar med god og relevant kompetanse.  
Nærare 42 % svarar frå i svært liten til i nokså liten grad.

Svar fordelt skulevis:




Det er føresette ved dei fleste skulane som peikar på at det kan vere ei utfordring å skaffe kompetente vikarar. Svara fordelar seg slik at det ser ut som at føresette på same skule har veldig ulike opplevelingar.

16. I kva grad opplever du at skulen er utviklings- og endringsorientert?



To av tre respondentar opplever at skulen er utviklings- og endringsorientert, dei fleste av desse i nokså stor grad.

Svar fordelt skulevis:




Ei stor overvekt frå alle skulane opplever eigen skule som utviklings- og endringsorientert. Føresette ved Nesflaten, Jelsa og Marvik verkar mest positive til dette.

## 1.1.4 Bygg


17. I kva grad opplever du at skulen har helsefremjande inneklima, med tanke på luft, lys og lyd?

I svært liten grad	12
I liten grad	12
I nokså liten grad	32
I nokså stor grad	54
I stor grad	37
I svært stor grad	20
Veit ikkje / ønsker ikkje å svare	24



Eit fleirtal av respondentane meiner skulane har helsefremjande inneklima. Det er likevel om lag 30 % av foreldra som svarar frå nokså liten grad til svært liten grad.


Svar fordelt skulevis:



75% av respondentane frå Jelsa svarar nokså liten grad. Fleire føresette ved Erfjord og Marvik virkar også usikre på om inneklimaet er helsefremjande. Respondentane frå Nesflaten og Vinjar svarar mest positivt på spørsmålet.


18. I kva grad opplever du at skulelokala er universelt utforma og gjev likeverdige tilhøve for alle?

■ I svært liten grad	9
■ I liten grad	19
■ I nokså liten grad	22
■ I nokså stor grad	45
■ I stor grad	37
■ I svært stor grad	32
■ Veit ikkje / ønsker ikkje å svare	26



Eit fleirtal av respondentane meiner skulelokala er universelt utforma. 13% veit ikkje / ønskjer ikkje svare, medan 26 % av foreldra meiner det i svært liten, liten eller nokså liten grad.


Svar fordelt skulevis:



Foreldra ved Nesflaten synes i størst grad å oppleve skulen som universelt utforma. Også respondentane fra Vinjar scorar skulen høvesvis høgt på denne parameteren. Fører dette ved Erfjord og Sand meiner i minst grad at lokala er universelt utforma.


**19. I kva grad opplever du at undervisningsareala legg til rette for variert og praktisk undervisning på skulen?**

● I svært liten grad	12
● I liten grad	14
● I nokså liten grad	37
● I nokså stor grad	43
● I stor grad	41
● I svært stor grad	27
● Veit ikkje / ønsker ikkje å svare	17



På dette spørsmålet er det ein høvesvis stor del av respondentane som ikkje opplever at lokal legg til rette for variert og praktisk undervisning i særleg grad. Nærare 1 av 3 opplever at lokal i nokså liten, liten eller svært liten grad gjer dette.


Svar fordelt skulevis:



Føresette ved Marvik, Jelsa og Nesflaten opplever i størst grad at areala legg til rette for variert og praktisk undervisning. Både ved Erfjord og Sand synes det å vere ulike opplevelingar av dette.


**20. I kva grad opplever du at uteområdet er universelt utforma og gjev likeverdig tilkomst til ulike soner og areal?**

● I svært liten grad	13
● I liten grad	18
● I nokså liten grad	20
● I nokså stor grad	46
● I stor grad	51
● I svært stor grad	32
● Veit ikkje / ønsker ikkje å svare	11




Om lag 2 av 3 respondentar meiner uteområdet, i ulik grad, er universelt utforma. 31 respondentar svarar at dei opplever i svært liten eller liten grad at uteområdet er universelt utforma og gjev likeverdig tilkomst til ulike soner og areal.

Svar fordelt skulevis:




Respondentane ved Nesflaten, Marvik og Jelsa opplever i størst grad at uteområdet er universelt utforma. Føresette ved Erfjord og Sand opplever det i mindre grad.

21. I kva grad opplever du at uteområdet inspirerer til variert læring, leik og samhandling?




På dette spørsmålet er det høvesvis mange som svarer at uteområdet i mindre grad inspirerer til variert læring, leik og samhandling. Om lag 45 % svarar på nedste halvdel av skalaen.

Svar fordelt skulevis:




Respondentane frå Erfjord og Sand synes å vere minst nøgde med korleis uteområdet inspirerer til variert læring, leik og samhandling. Føresette ved Jelsa svarar i stor eller svært stor grad.

22. I kva grad opplever du at det er trygt for elevane å kunne gå og sykle til skulen?



35 av respondentane (18%) opplever i svært liten og liten grad at det er trygt for elevane å kunne gå og sykle til skulen. På den andre sida er det nærmere 43% som i svært stor eller stor grad opplever det trygt.

Svar fordelt skulevis:



Foreldre ved Marvik og Erfjord opplever det i minst grad som trygt for elevane å gå og sykle til skulen. Respondentar frå Jelsa og Nesflaten opplever det i størst grad som trygt.

## 1.2 Barnehage


### 1.2.1 Barnehagen sin praksis

#### Spørsmål 1) I kva grad meiner du barnehagen lukkast med systematisk arbeid for godt miljø og trygt barnehagmiljø?

Målet har vore å kartlegge i kva grad føresette meiner barnehagen arbeider systematisk for å sikre eit godt og trygt miljø for barna.

#### Hovudfunn

- Høg tillit til barnehagane:** Det mest brukte svaret er "*I svært stor grad*", med 36 av totalt 77 svar. Dette tyder på at mange føresette opplever at barnehagane gjer ein svært god jobb med å skape eit trygt miljø. 6% svara ikkje på dette spørsmålet
- Vinjar barnehage** utmerkar seg med heile 85% svar i kategorien "*I svært stor grad*", og 15% i "*stor grad*". Dette indikerer eit svært positivt inntrykk blant dei føresette.
- Sand barnehage** har størst variasjon i svara. Her finn vi både høg tillit, 18 % svar i "*I svært stor grad*", og noko skepsis, 11% svar i "*I nokså liten grad*" og 11% som svarar "*Veit ikkje / ønsker ikkje å svare*".
- Kjølvikstolen barnehage** får òg svært gode tilbakemeldingar, med 67% svar i "*I svært stor grad*" og berre 8% usikkert svar.
- Stølane barnehage og Jelsa oppvekstsenter** har jamt over gode resultat, men med noko færre svar totalt.



#### Oppsummering

Undersøkinga viser, med at over 75 % av svara ligg i dei to høgaste kategoriene, eit gjennomgåande positivt inntrykk av barnehagane sitt arbeid med tryggleik og trivsel. at dei fleste føresette opplever at barnehagane i stor eller svært stor grad arbeider systematisk for å sikre eit godt og trygt miljø. Særleg Vinjar og Kjølvikstolen barnehage får svært gode tilbakemeldingar. Samstundes peikar svara frå Sand barnehage på eit behov for nærmare oppfølging og dialog med føresette for å forstå variasjonen i opplevingar.


## Spørsmål 2) I kva grad meiner du tilbodet ved barnehagen er kjenneteikna av felles praksis, slik at tilbodet ikkje vert tilfeldig, alt etter kven dei tilsette er?

Målet har vore å kartlegge i kva grad føresette meiner tilbodet ved barnehagen er kjenneteikna av felles praksis, slik at tilbodet ikkje vert tilfeldig, alt etter kven dei tilsette er.

### Hovudfunn

- Høg tillit til barnehagane:** Det mest brukte svaret er "*I svært stor grad*", med 25 av totalt 68 svar. Dette tyder på at mange føresette opplever at barnehagane har ein felles praksis som sikrar eit ikkje-tilfeldig tilbod. 9% valde å ikkje svare på spørsmålet / svara «Veit ikkje»
- Vinjar barnehage** utmerkar seg med heile 69% svar i kategorien "*I svært stor grad*", og berre 23% i "*I nokså stor grad*". Dette indikerer eit svært positivt inntrykk blant dei føresette.
- Sand barnehage** har størst variasjon i svara. Her finn vi både høg tillit, 29% svar i "*I stor grad*" og noko skepsis, 14% svar i "*I nokså liten grad*". Igjen er det 11% som svarar "Veit ikkje / ønsker ikkje å svara".
- Kjølvikstølen barnehage** får òg gode tilbakemeldingar, med 33% svar i "*I svært stor grad*" og 42% i stor grad.
- Stølane barnehage og Jelsa oppvekstsenter** har jamt over gode resultat, men med noko færre svar totalt.

Dette viser at over 67 % av svara ligg i dei to høgaste kategoriene, noko som tyder på eit gjennomgåande positivt inntrykk av barnehagane sitt arbeid med å sikre ein felles praksis.



### Oppsummering

Undersøkinga viser at dei fleste føresette opplever at barnehagane i stor eller svært stor grad har ein felles praksis som sikrar eit ikkje-tilfeldig tilbod. Særleg Vinjar og Kjølvikstølen barnehage får svært gode tilbakemeldingar. Samstundes peikar svara frå Sand barnehage på eit behov for nærmare oppfølging og dialog med føresette for å forstå variasjonen i opplevelingar.


## Tema: Barn sin medverknad

### Spørsmål 3) I kva grad meiner du at barnehagen tek medverknad frå barn på alvor, lyttar til barna og involverer dei i eiga utvikling?

Målet har vore å kartlegge i kva grad føresette meiner barnehagen lyttar til barna, tek medverknad på alvor og involverer barna i eiga utvikling.

#### Hovudfunn

- Høg tillit til barnehagane:** Det mest brukte svaret er "I svært stor grad", med 41 % av totalt 69 svar. Dette tyder på at mange føresette opplever at barnehagane tek medverknad frå barn på alvor. 4% valde å ikkje svare på spørsmålet / svara «Veit ikkje»
- Vinjar barnehage** utmerkar seg med 69 % svar i kategorien "I svært stor grad" og 31 % i "I stor grad", noko som gir eit svært positivt inntrykk.
- Sand barnehage** har størst variasjon i svara også her, men i hovudsak svara foreldra positivt. 18 % svara i "I svært stor grad", 25% i «I stor grad» og 36% i «I nokså stor grad».
- Kjølvikstølen barnehage** får òg svært gode tilbakemeldingar, med 58 % svar i "I svært stor grad" og 25 % i «I stor grad».
- Stølane barnehage og Jelsa oppvekstsenter** utmerkar seg og svært positivt, med 40% på «i svært stor grad» og 60% på «i stor grad».



#### Oppsummering


Resultata frå undersøkinga viser at eit klart fleirtal av føresette opplever at barnehagane tek medverknad frå barn på alvor. Over to tredelar av svara ligg i dei to høgaste kategoriane, noko som tyder på at barnehagane i stor grad lyttar til barna og involverer dei i eiga utvikling. Særleg Vinjar og Kjølvikstølen barnehage får svært gode tilbakemeldingar, medan Sand barnehage viser noko større variasjon i opplevingar. Dette gir eit godt grunnlag for vidare dialog og utvikling.

#### Spørsmål 4) I kva grad greier barnehagen å tilrettelegge for ulike behov i barnegruppa?

Målet har vore å kartlegge i kva grad føresette meiner barnehagen møtar dei individuelle behova til barna

#### Hovudfunn:

- Generelt viser undersøkinga at dei fleste barnehagane greier å tilrettelegge for ulike behov i barnegruppa i stor eller svært stor grad. 9 % svara ikkje på spørsmålet.
- Vinjar barnehage:** 57 % av svara ligg i kategorien «*I svært stor grad*» og 43 % i «*I stor grad*». Dette gir eit svært positivt inntrykk av barnehagen si evne til å møte ulike behov i barnegruppa.
- Jelsa oppvekstsenter, barnehage:** 29 % av svara er «*I svært stor grad*», 29 % «*I stor grad*» og 43 % «*I nokså stor grad*». Dette tyder på at dei fleste føresette opplever god tilrettelegging, men med noko variasjon.
- Stølane barnehage:** 20 % av svara er «*I svært stor grad*» og 60 % «*I stor grad*», medan 10 % svarar «*I nokså stor grad*». Dette viser ei gjennomgåande positiv vurdering, med høg tillit til barnehagen.
- Sand barnehage:** Her er svara meir spreidde: 15 % «*I svært stor grad*», 33 % «*I stor grad*», 22 % «*I nokså stor grad*», og 11 % «*I nokså liten grad*». I tillegg svarar fleire «*Veit ikkje / ønsker ikkje å svara*». Dette tyder på større variasjon i opplevinga av tilrettelegginga.
- Kjølvikstølen barnehage:** 42 % av svara er «*I svært stor grad*» og 25 % «*I stor grad*», medan 17 % svarar «*I nokså stor grad*». Dette gir eit svært godt inntrykk av barnehagen, med høg tillit frå føresette.



#### Oppsummering:


Undersøkinga viser at dei fleste barnehagane greier å tilrettelegge for ulike behov i barnegruppa i stor eller svært stor grad. Nokre barnehagar har fått svar som tyder på at dei greier dette i nokså stor grad, medan eit fåtal svar peikar på utfordringar med tilrettelegginga eller usikkerheit blant respondentane.

## Spørsmål 5) I kva grad meiner du at den spesialpedagogiske praksisen i barnehagen er inkluderande?

Målet har vore å kartlegge i kva grad føresette meiner barnehagen greier å inkludere barn med spesielle behov i det ordinære barnehagetilbodet.

### Hovudfunn:

- Generelt viser undersøkinga at dei fleste føresette opplever den spesialpedagogiske praksisen som inkluderande, men det er også ein noko usikkerheit då det var heile 19 av 69 (28%) som ikkje svara eller svara «Veit ikkje».
- Jelsa oppvekstsenter, barnehage:** 33 % av svara er «*I nokså stor grad*», 33 % «*I stor grad*», 17 % «*I svært stor grad*» og 17 % «*Veit ikkje / ønsker ikkje å svare*». Dette tyder på ei jamt positiv oppleving, men med noko variasjon i vurderingane.
- Sand barnehage:** Både positive og negative svar med 36 % av svara er «*I stor grad*», 14 % «*I nokså liten grad*», og heile 32 % «*Veit ikkje / ønsker ikkje å svare*». Dette viser stor variasjon i opplevinga av praksisen, og at mange føresette er usikre.
- Vinjar barnehage (inkludert Nesflaten):** Alle som svara svara positivt med 46 % på «*I svært stor grad*», 15 % «*I stor grad*», 8 % «*I nokså stor grad*». Men 31 % «*Veit ikkje / ønsker ikkje å svare*». Dette gir eit positivt inntrykk, men med ein relativt høg andel usikre svar.
- Kjølvikstølen barnehage:** heile 42 % av svara er «*I svært stor grad*» medan svara 8 % «*I nokså liten grad*». Her svara 25 % «*Veit ikkje / ønsker ikkje å svare*», noko som visar at dei fleste svara er positive, men også her er det ein del usikkerheit.
- Stølane barnehage:** 30 % av svara er «*I nokså stor grad*», 20 % «*I stor grad*» og 20 % «*Veit ikkje / ønsker ikkje å svare*». Dette viser ei overvekt av positive vurderingar, men også her er det ein del usikre svar.



### Oppsummering:


Undersøkinga viser at dei fleste barnehagane greier å tilretteleggje for barn med spesielle behov på ein inkluderande måte. Svara er i hovudsak positive, men fleire barnehagar har ein betydeleg andel føresette som er usikre på korleis den spesialpedagogiske praksisen fungerer. Dette kan tyde på behov for betre informasjon eller meir synleggjering av arbeidet som vert gjort.

## Spørsmål 6) I kva grad meiner du at barnehagetilboden er praktisk og variert?

Målet er å kartleggje kor godt barnehagen greier å tilby eit praktisk og variert tilbod til barna.

### Hovudfunn:

- Generelt:** Generelt viser undersøkinga at 39 % av svara er «*I svært stor grad*», 31 % «*I stor grad*», og 10 % «*I nokså stor grad*». Dette tyder på at dei fleste føresette opplever barnehagetilboden som praktisk og variert. Kun 3% svara «Veit ikkje» eller lot vere å svara.
- Vinjar barnehage:** Utmerkar seg igjen med 77 % «*I svært stor grad*» og 23 % «*I stor grad*». Dette gir eit svært positivt inntrykk av barnehagetilboden.
- Jelsa oppvekstsenter, barnehage:** 33 % av svara er «*I svært stor grad*» og 50 % «*I stor grad*». Dette tyder på ei jamt positiv vurdering av barnehagetilboden.
- Stølane barnehage:** 20 % av svara er «*I svært stor grad*», 70 % «*I stor grad*» og 10% på «*I nokså stor grad*». Med positive vurderingar tyder det på at dei foresette er nøgd med barnehagetilboden.
- Sand barnehage:** Svara svært variert med jamn fordeling på dei fleste kategoriane, med høgast utslag på «*I stor grad*» på 36 %. Dette tyder på stor variasjon i opplevinga av barnehagetilboden.
- Kjølvikstølen barnehage:** 58 % av svara er «*I svært stor grad*», og elles jamn fordeling på dei andre kategoriane, utanom dei to mest negative. Dette gir eit positivt inntrykk av barnehagetilboden, men med noko variert inntrykk.



### Oppsummering:

Undersøkinga viser at dei fleste barnehagane greier å tilby eit praktisk og variert tilbod til barna. Svara er i hovudsak positive, men nokre barnehagar har ein betydeleg andel føresette som opplever tilboden som mindre variert. Dette kan tyde på behov for forbetringar eller justeringar i tilrettelegginga.


## Tema: Ressursar

### Spørsmål 7) I kva grad meiner du barnehagen har dei menneskelege ressursane som skal til for å drive med god kvalitet?

Målet med spørsmålet er å kartleggje kor godt barnehagen greier å tilby eit tilstrekkeleg og kompetent personale.

#### Hovudfunn:

- Generelt er svara jamt fordelt på dei fire øvste kateogiane på dette spørsmålet, med størst andel (30 % ) i «*I nokså stor grad*». Det var ingen som ikkje svara. Resultata tyder på at dei fleste føresette opplever dei menneskelege ressursane som tilstrekkelege og kompetente.
- Vinjar barnehage:** Utmerkar seg med 54 % «*I svært stor grad*» og 23 % «*I stor grad*» og «*I nokså stor grad*». Dette gir eit positivt inntrykk av dei menneskelege ressursane.
- Jelsa oppvekstsenter, barnehage:** 50 % svara «*I nokså stor grad*» og 17 % «*I svært stor grad*» og «*I stor grad*». Det gir ei positiv mot middels vurdering
- Stølane barnehage:** svara jamt på dei fire øvste kategoriane, men høgst andel på «*I stor grad*» med 40%. Dette viser ei hovudsakeleg positiv vurdering, med noko variert inntrykk.
- Sand barnehage:** 29 % av svara er «*I stor grad*» og 39 % svarar «*I nokså stor grad*». Det er også utslag på dei lågaste kategoriane, noko som tyder på variasjon blant føresette, der nokon meiner barnehagen ikkje har dei menneskelege ressursane som skal til for å drive med god kvalitet.
- Kjølvikstølen barnehage:** svara jamt på dei fire øvste kategoriane, men har og utslag på dei lågaste kategoriane. Dette tyder på stor variasjon føresette, noko likt Sand barnehage.



#### Oppsummering:


Undersøkinga viser at dei fleste barnehagane greier å tilby eit tilstrekkeleg og kompetent personale. Svara er i hovudsak positive, men alle barnehagane utanom Vinjar har føresette som opplever dei menneskelege ressursane som mindre tilstrekkelege. Dette kan tyde på behov for forbetringar eller meir synleggjering av ressursbruken.

## Spørsmål 8) I kva grad meiner du barnehagen har dei bygningsmessige ressursane som skal til for å drive i samsvar med lov og forskrift

Målet med spørsmålet er å undersøke i kva grad barnehagane har dei bygningsmessige ressursane som skal til for å drive i samsvar med lov og forskrift

### Hovudfunn

- Dei fleste barnehagane har resultat som indikerer at dei har dei bygningsmessige ressursane som skal til. Nokre barnehagar har fått svar som kan tyde på behov for forbetring. Nokre respondentar har valt å ikkje svare (7%), noko som *kan* indikere usikkerheit eller manglende informasjon.
- **Vinjar barnehage:** 62% av svara peikar på at barnehagen i *svært stor grad* har dei nødvendige ressursane, og elles er det ingen utslag på dei nedre svaralternativa. Dette gir eit svært positivt bilet av bygningsmessig standard. 8 % svara at dei ikkje ønskjer å svare/ Veit ikkje.
- **Jelsa oppvekstsenter, barnehage:** 67% meiner barnehagen i *nokså stor grad* har dei nødvendige ressursane og 33% svara «*I stor grad*». Dette tyder på eit positivt/middels inntrykk blant føresette.
- **Stølane barnehage:** 60 % meiner barnehagen i *svært stor grad* har dei nødvendige ressursane, medan 30 % meiner det motsette –« *i nokså liten grad*». Dette viser at det er både tilfredsheit og misnøye, og at vurderingane er spreidde.
- **Sand barnehage:** Her er det ingen enkeltkategori som skil seg ut med over 50% eller under 10%, noko som tyder på meir delte meningar blant foreldra. Det er jamt fordelt på dei midtarste kategoriene der «*I nokså stor grad*» har høgast oppslutning med 39%. 14% svara ikkje.
- **Kjølvikstølen barnehage:** Her er dei fleste føresatte nøgd, med 50 % på «*I svært stor grad*» og 18 % på «*I stor grad*». Elles jamt fordelt med 8% på dei andre svaralternativa utanom «*I svært liten grad*», noko som visar at det og er nokre føresatte som ikkje er nøgde.



### Oppsummering


Undersøkinga viser at føresatte sit med eit inntrykk av at dei fleste barnehagane har dei bygningsmessige ressursane som skal til for å drive i samsvar med lov og forskrift. Samstundes er det nokre barnehagar der føresatte ikkje har dette inntrykket, noko som bør vurderast nærare for å sikre eit likeverdig tilbod for alle barn.

## Spørsmål 9) I kva grad meiner du barnehagen har dei økonomiske ressursane som skal til for å drive i samsvar med lov og forskrift?

Målet med spørsmålet er å undersøke i kva grad barnehagane har dei økonomiske ressursane som skal til for å drive i samsvar med lov og forskrift.

### Hovudfunn

- 12 av 69 (17%) valde å svare «Veit ikkje / ønsker ikkje å svare» på spørsmålet. Elles har dei fleste barnehagane har fått svar som indikerer at føresatte har inntrykk av at barnehagen har økonomiske ressursar som skal til, medan nokre barnehagar har og svar som kan tyde på behov for forbetring.
- **Vinjar barnehage:** får gjennomgåande positive vurderingar. Heile 38 % svara i svært stor grad og 31 % svara i nokså stor grad. Samstundes er det 15 % som ikkje ønskjer å svare, noko som kan tyde på at ikkje alle har innsikt i økonomien. Totalt sett gir det eit bilet av ein barnehage med god økonomisk situasjon, men med noko usikkerheit blant enkelte.
- **Jelsa oppvekstsenter** har eit jamt positivt inntrykk, med fleirtal på 67 % som meiner barnehagen i nokså stor grad har tilstrekkelege ressursar. Samstundes meiner 17 % at ressursane berre i nokså liten grad er tilstrekkelege, noko som kan peike på utfordringar eller ulik oppleving blant foreldra.
- **Stølane barnehage** får hovudsakleg positive vurderingar, med 50 % som meiner barnehagen i stor grad har dei nødvendige ressursane, og 30 % som svarar i nokså stor grad. Her er det 20 % som ikkje ønskjer å svare, noko som kan indikere usikkerheit eller manglende informasjon om økonomien.
- **Sand barnehage** skil seg ut med eit meir delt bilet. 18 % meiner barnehagen berre i liten grad har dei nødvendige økonomiske ressursane, og 21% svarar i nokså liten grad. I tillegg valgte 18 % ikkje å svare/svara veit ikkje. Dette kan tyde på at mange opplever økonomiske utfordringar, og at det er behov for meir openheit eller informasjon om situasjonen.
- **Kjølvikstølen barnehage** har og eit variert svarbilete. 25 % meiner barnehagen har ressursar i stor grad, medan like mange meiner det berre gjeld i nokså liten grad eller ikkje svara. Dette peikar på at det kan vere behov for å klargjere og kommunisere den økonomiske situasjonen betre



### Oppsummering

Undersøkinga viser at føresatte sit med eit inntrykk av at dei fleste barnehagane har dei økonomiske ressursane som skal til for å drive i samsvar med lov og forskrift, men det er kun føresatte på Vinjar som har eit inntrykk av at dette er i «Svært stor grad». Det er og nokre barnehagar som har utslag som visar at føresatte meiner dette er i mindre grad, og desse bør vurderast nærmere for å sikre eit likeverdig tilbod for alle barn.


## 1.2.2 Struktur

### Spørsmål 10) I kva grad meiner du dagens barnehagestruktur er tilpassa venta framtidig barnetal?

Målet er å undersøke i kva grad dagens barnehagestruktur er tilpassa venta framtidig barnetal i kommunen.

#### Hovudfunn

- Det var 16 av 69 (23%) som valde å ikkje svare («Veit ikkje / ønsker ikkje å svare»). Generelt er det stor variasjon hjå alle barnehagane, der det er føresatte som meiner barnehagestrukturen er tilpassa framtida og føresatte som er meir skeptisk til dette.
- Vinjar barnehage (inkludert Nesflaten)** får eit breitt spekter av vurderingar. 31 % meiner strukturen i *svært stor grad* er tilpassa framtidig barnetal, og like mange meiner det i *stor grad*. Det er her utslag på alle svaralternativa, og 15 % svara «veit ikkje / ønsker ikkje å svar». tyder på at mange har tillit til strukturen, men at det også finst usikkerheit og skepsis.
- Jelsa oppvekstsenter, barnehage** har og eit delt bilet. Halvparten meiner strukturen i *nokså stor grad* er tilpassa. 17 % meiner det i *stor grad*, samstundes meiner like mange at strukturen berre i *liten grad* er tilpassa, noko som peikar på ulike opplevingar blant foreldra.
- Stølane barnehage** får også varierte vurderingar. 40 % meiner strukturen i *nokså stor grad* er tilpassa, medan 30 % meiner det berre i *nokså liten grad*. 10 % svarar veit ikkje / ønsker ikkje å svar. Dette tyder på at det er både tillit og tvil knytt til dagens struktur.
- Sand barnehage** skil seg ut med høg grad av usikkerheit – heile 39 % svarar veit ikkje / ønsker ikkje å svar. I tillegg meiner 14 % at strukturen berre i *nokså liten grad* er tilpassa, og 11 % meiner det i *liten grad*. Samstundes er det også 18 % som meiner strukturen i *stor grad* er tilpassa. Dette peikar på eit behov for betre informasjon og dialog.
- Kjølvikstølen barnehage** får kun positive vurderingar. 42 % meiner strukturen i *svært stor grad* er tilpassa, og 33 % meiner det i *stor grad*. Samstundes svarar 17 % veit ikkje / ønsker ikkje å svar, noko som kan tyde på at ikkje alle har eit klart bilet av situasjonen.



#### Oppsummering

Undersøkinga viser at det er ulike oppfatningar om kor godt dagens barnehagestruktur er tilpassa venta framtidig barnetal i kommunen. Nokre barnehagar får hovudsakleg positive vurderingar, medan andre har meir delte meininger. Det er også ein del respondentar som ikkje ønskjer å svare, noko som kan tyde på usikkerheit eller manglende informasjon. Dette peikar på eit behov for vidare dialog og klargjering av planane framover.


## Tema: Nærmiljø

### Spørsmål 11) I kva grad meiner du barnehagen aktivt nyttar nærmiljøet som ein ressurs for leik, læring og trivsel?

Målet med spørsmålet var å undersøke i kva grad ulike barnehagar nyttar nærmiljøet som ein ressurs for leik, læring og trivsel.

#### Hovudfunn

- Det var som ikkje 4 % ønskte å svare. Generelt viser resultata at dei fleste barnehagane nyttar nærmiljøet som ein ressurs i stor eller svært stor grad. Det kan tyde på at barnehagane er flinke til å integrere nærmiljøet i pedagogiske opplegg, noko som kan bidra til auka trivsel og læring for barna
- Vinjar barnehage:** Heile 92 % meiner barnehagen nyttar nærmiljøet i svært stor grad, og 8 % i nokså stor grad. Dette viser ei svært positiv vurdering av barnehagen si bruk av nærmiljøet.
- Jelsa oppvekstsenter, barnehage:** 67 % meiner at barnehagen i svært stor grad nyttar nærmiljøet, medan 33 % meiner det skjer i stor grad. Dette tyder på eit gjennomgåande positivt inntrykk av korleis nærmiljøet blir brukt.
- Kjølvikstølen barnehage:** 50 % meiner nærmiljøet blir nytta i svært stor grad, 25 % i stor grad og 17 % i nokså stor grad. 8 % meiner det skjer i svært liten grad. Dette viser eit generelt positivt bilet, men med nokre foreldre som opplever mindre bruk av nærmiljøet.
- Sand barnehage:** Svarfordelinga er meir spreidd: 25 % meiner barnehagen nyttar nærmiljøet i stor grad, 17 % i nokså stor grad, 21 % i nokså liten grad. Det er også utslag på dei andre svaralternativa. Dette kan tyde på varierande praksis eller ulike opplevelingar blant foreldra.
- Stølane barnehage:** Har kun utslag på dei positive svaralternativa. Heile 70 % meiner barnehagen nyttar nærmiljøet i svært stor grad, 20 % i stor grad og 10 % i nokså stor grad. Dette viser ei sterk oppleveling av at nærmiljøet er ein viktig del av kvardagen i barnehagen.



#### Oppsummering

Resultata viser at dei fleste barnehagane nyttar nærmiljøet som ein ressurs i svært stor grad, etter dei føresatte sitt inntrykk. Dette kan tyde på at barnehagane er flinke til å integrere nærmiljøet i deira pedagogiske opplegg, noko som kan bidra til auka trivsel og læring for barna.

## Spørsmål 12) I kva grad meiner du nærmiljøet nyttar barnehageanlegget aktivt til ulike føremål, ettermiddagar og helger?


Målet med spørsmålet var å undersøke i kva grad nærmiljøet nyttar barnehageanlegget aktivt til ulike føremål på ettermiddagar og i helger.

### Hovudfunn

- 12 av 69 (17%) ønska ikkje å svare/ svara Veit ikkje. Generelt viser resultata at nærmiljøet nyttar barnehageanlegget til ulike føremål på ettermiddagar og i helger i varierande grad. Nokre barnehagar har høg bruk av anlegget, medan andre har mindre bruk.
- **Vinjar barnehage:** Føresatte har eit variert inntrykk av om barnehageanlegget vert nytta. 31 % meiner det blir nytta i svært stor grad og like mange at det skjer i stor grad . Samtidig meiner 15 % at det skjer i nokså liten grad, og 15 % ønskte ikkje å svare. Dette kan tyde på at anlegget er godt brukt av delar av nærmiljøet, men nokon opplever mindre bruk eller ikkje har kjennskap til bruken.
- **Jelsa oppvekstsenter, barnehage:** Her meiner halvparten at anlegget blir nytta i nokså stor grad. I tillegg meiner 17 % at det skjer i svært stor grad, og like mange meiner det skjer i liten grad. Dette kan tyde på at anlegget er relativt godt brukt, men at det er ulike opplevingar av tilgjenge og bruk.
- **Stølane barnehage:** Ved Stølane barnehage meiner 50 % at anlegget blir nytta i stor grad, og 10 % meiner det skjer i nokså stor grad. Samtidig meiner 20 % at det skjer i nokså liten grad, og 10 % ønskte ikkje å svare. Dette kan tyde på at anlegget er godt brukt av mange, men at det er nokon som opplever mindre bruk.
- **Sand barnehage:** Svarfordelinga ved Sand barnehage er svært variert med utslag i alle svaralternativa utanom «isvært stor grad». Det er ein relativ jamm fordeling elles, og 20 % ønskte ikkje å svare. Dette tyder på store variasjonar i opplevinga av kor mykje anlegget blir brukt, noko som kan spegle ulik praksis eller tilgjenge i ulike delar av nærmiljøet.
- **Kjølvikstølen barnehage:** Ved Kjølvikstølen barnehage meiner 25 % at anlegget blir nytta i stor og svært stor grad. 8 % meiner det skjer i nokså liten eller nokså stor grad, og 25 % svara ikkje / veit ikkje. Dette viser at mange opplev god bruk av anlegget, men at det er fleir som ikkje har kjennskap.

### I KVA GRAD MEINER DU NÄRMILJØET NYTTAR BARNEHAGENANLEGGET AKTIVT TIL ULIKE FØREMÅL, ETTERMIDDAGAR OG HELGER?

■ Vinjar bhg. ■ Sand bhg ■ Kjølvikstølen bhg ■ Stølane bhg ■ Jelsa bhg



### Oppsummering

Undersøkinga viser at det er stor variasjon i korleis dei føresatte opplever at barnehageanlegga blir nytta av nærmiljøet utanom opningstid. Dette kan tyde på at det er behov for betre informasjon, tilrettelegging eller opning for bruk i enkelte område.


### 1.2.3 Kompetanse

**Spørsmål 13) I kva grad opplever du at barnehagen har samla kompetanse til å ivareta alle barn, også barn med særskilte vanskar og ulike behov, mellom anna innafor det spesialpedagogiske området?**

Målet er å undersøke i kva grad foreldre opplever at barnehagen har samla kompetanse til å ivareta alle barn, også barn med særskilte vanskar og ulike behov, inkludert spesialpedagogikk.

#### Hovudfunn

- Generelt viser resultata at foreldre opplever at barnehagane har god kompetanse til å ivareta alle barn, men 12 av 69 (17%) ønskte ikkje å svare, så det finst også ein del usikkerheit blant foreldra.
- Vinjar barnehage:** kun positive svar. Størst utslag, 38 %, meinar barnehagen i svært stor grad har kompetanse til å ivareta alle barn. Dette tyder på at barnehagen har eit godt rykte når det gjeld kompetanse, men 15% svara ikkje, så nokre foreldre er usikre eller manglar informasjon.
- Jelsa oppvekstsenter, barnehage:** Her meiner heile 83% foreldra at barnehagen i nokså stor grad har kompetanse til å ivareta alle barn, og dei resterande meiner det skjer i svært stor grad. Dette kan tyde på at barnehagen har god kompetanse på dette feltet.
- Stølane barnehage:** 40 % meinar at barnehagen i stor grad har kompetanse til å ivareta alle barn, medan 30 % meiner det skjer i nokså stor grad. 10 % meiner det skjer i nokså liten grad, og 10 % ønskte ikkje å svare. Dette kan tyde på at barnehagen har eit godt fagleg fundament, men at det er nokon som opplever at kompetansen ikkje strekk til for alle behov, og nokon er usikre.
- Sand barnehage:** 32 % ønskte ikkje å svare, 21 % meiner barnehagen har kompetanse i nokså stor grad og 29 % meiner det skjer i stor grad. Det er og noko utslag på dei negative svaralternativa. Dette tyder på store variasjonar i opplevinga av barnehagen si kompetanse, noko som kan spegle ulik praksis, kommunikasjon eller erfaringar blant foreldra.
- Kjølvikstølen barnehage:** halvparten meiner at barnehagen i svært stor grad har kompetanse til å ivareta alle barn og 19 % meiner det skjer i stor grad. Ein liten andel opplev samtidig at det er i nokså liten grad og 17 % ønskte ikkje å svare. Dette viser at mange opplever god kompetanse, men at det også er nokon som er usikre.



#### Oppsummering


Undersøkinga viser at det er stor variasjon i korleis foreldre opplever barnehagane si kompetanse til å ivareta alle barn, inkludert dei med særskilte behov. Nokre barnehagar har høge vurderingar, andre skil seg ut med mange låge vurderingar og eit høgt tal på ikkje-svar. Dette kan tyde på at det er behov for betre informasjon, tilrettelegging eller opplæring i enkelte barnehagar.

**Spørsmål 14) I kva grad opplever du at barnehagen klarar å skaffe vikarar med god og relevant kompetanse?**

Målet er å undersøke i kva grad foreldre opplever at barnehagen klarar å skaffe kompetente vikarar.

**Hovudfunn**

- 8 av 69 (12%) svara ikkje på spørsmålet. Generelt viser resultata at foreldre opplever at barnehagane har god evne til å skaffe kompetente vikarar, men det finst også nokre utfordringar.
- **Vinjar barnehage:** kjem i hovudsak positivt ut. her meiner 46 % av foreldra at barnehagen i nokså stor grad klarar å skaffe kompetente vikarar, medan 31 % meiner det skjer i stor grad og 15 % i svært stor grad. Men det er 8 % som meiner det skjer i nokså liten grad. Dette tyder på at barnehagen har eit godt rykte når det gjeld vikarbruk, men at det også finst eit mindretal som opplever utfordringar.
- **Jelsa oppvekstsenter, barnehage:** Her meiner 33 % av foreldra at barnehagen klarar å skaffe vikarar i nokså svært liten grad, noko ein må merke seg. Like mange opplev dette i nokså liten grad og i nokså stor grad. Dette kan tyde på at det er ein viss skepsis til kvaliteten på vikarane.
- **Stølane barnehage:** Ved Stølane barnehage meiner 30 % at barnehagen klarar å skaffe vikarar i nokså stor grad, og 20 % i stor grad. Samtidig meiner 20 % at det skjer i nokså liten grad og 10 % i liten grad. Her valde 20% å ikkje å svare/ svara veit ikkje. Dette tyder på at det er delte meininger blant foreldra, og at det kan vere behov for å styrke vikarordninga.
- **Sand barnehage:** Svarfordelinga er igjen svært variert med utslag i alle kategoriar. Det er også 21% som ikkje har svara/ svara «Veit ikkje». Det er jamn fordeling på «i liten grad», «i nokså liten grad» og «i nokså stor grad» på rundt 20 % på kvart alternativ. Dette tyder på store variasjonar i opplevelinga av vikarbruken, og kan peike på behov for betre informasjon eller forbetring av praksis.
- **Kjølvikstølen barnehage:** 17 % meiner at barnehagen klarar å skaffe vikarar i stor grad, og 25 % i nokså stor grad. 33 % meiner det skjer i nokså liten grad, 17 % i liten grad og 8 % i svært liten grad. Dette viser at mange opplever god vikarbruk, men at det også finst ein del negative erfaringar.



**Oppsummering**


Undersøkinga viser at det er stor variasjon i korleis foreldre opplever barnehagane si evne til å skaffe vikarar med god og relevant kompetanse. Nokre barnehagar har nokre høge vurderingar, men dei fleste ligg mot midten. Jelsa barnehage skil seg ut med mange låge vurderingar, og Sand og Stølane har eit høgt tal på ikkje-svar. Dette kan tyde på at det er behov for betre informasjon, tilrettelegging eller opplæring i enkelte barnehagar. Resultata kan vere nytige for vidare planlegging og utvikling av vikarordningar i barnehagane.

## Spørsmål 15) I kva grad meiner du kulturen i barnehagen er prega av utviklings- og endringsvilje?

Målet er å undersøke i kva grad foreldre meiner kulturen i barnehagen er prega av utviklings- og endringsvilje.

### Hovudfunn

- 12 av 69 (17%) valde å ikkje svare på spørsmålet. Generelt viser resultata at foreldre i hovudsak opplever at barnehagane har ein sterk, god og synleg kultur for utvikling og endring.
- **Vinjar barnehage:** 54 % av foreldra meiner at kulturen er prega av utviklings- og endringsvilje i stor grad, og 31 % i svært stor grad. Resten ønskte ikkje å svare. Dei føresatte har då eit inntrykk av at barnehagen har ein sterk og god kultur for utvikling og endring, men det er også nok usikkerheit.
- **Jelsa oppvekstsenter, barnehage:** 33 % meiner at kulturen er prega av utviklingsvilje i nokså stor grad, 17 % i stor grad og like mange i svært stor grad. 33 % ønskte ikkje å svare. Dette viser eit positivt inntrykk, men også ein del usikkerheit som kan tyde på behov for betre kommunikasjon eller synleggjering av utviklingsarbeid.
- **Stølane barnehage:** her meiner 60 % at kulturen er prega av utviklingsvilje i stor grad, 30 % i nokså stor grad og 10 % i svært stor grad. Dette tyder på at barnehagen har ein tydeleg kultur for utvikling.
- **Sand barnehage:** Svarfordelinga er variert: 25 % meiner kulturen er prega av utviklingsvilje i nokså stor grad, 18 % i stor grad og 11 % i svært stor grad. Samtidig meiner 14 % det skjer i nokså liten grad og 7 % i liten grad. 25 % ønskte ikkje å svare. Dette tyder på store variasjonar i opplevinga av utviklingskulturen, og kan peike på behov for betre informasjon eller forbetring av praksis
- **Kjølvikstølen barnehage:** Ved Kjølvikstølen meiner 27 % at kulturen er prega av utviklingsvilje i svært stor grad, 18 % i stor grad og 18 % i nokså stor grad, noko som gir eit positivt inntrykk og at mange opplev ein sterk utviklingskultur. Men det er også 9 % som meiner det skjer i liten grad, og 27 % ønskte ikkje å svare. Dette viser at det også finst usikkerheit og nokre utfordringar.



### Oppsummering

Undersøkinga viser at det er noko variasjon i korleis foreldre opplever kulturen i barnehagane når det gjeld utviklings- og endringsvilje. Dei fleste er i hovudsak positive, men det er ein del som ikkje har svart / svara veit ikkje. Dette kan tyde på at det er behov for betre informasjon, tilrettelegging eller opplæring i enkelte barnehagar. Resultata kan vere nyttige for vidare planlegging og utvikling av kultur for endring og utvikling.


## 1.2.4 Bygg

### Spørsmål 16) I kva grad meiner du barnehagen har eit godt eigna leike- og opphaldsareal?

Målet er å undersøke i kva grad foreldre meiner barnehagen har godt eigna leike- og opphaldsareal (LOA)

#### Hovudfunn

- Alle svara på spørsmålet. Generelt viser resultata at foreldre opplev at barnehagane har godt eigna leike- og opphaldsareal, men at det også finst nokre utfordringar og ein del variasjon i opplevinga.
- Vinjar barnehage:** Et positivt inntrykk av føresatte, der 62% meiner at barnehagen har godt eigna leike- og opphaldsareal i stor grad, og 31 % meiner det skjer i stor grad. Eit lite utslag (8 %) meiner det skjer i nokså liten grad. Dette tyder på at det er eit godt inntrykk av barnehagen sine LOA.
- Jelsa oppvekstsenter, barnehage:** Kun positive svar, med høgast utslag med 50% på «I nokså stor grad». Dette viser eit positivt inntrykk av barnehagen sine fasilitetar.
- Stølane barnehage:** Har også i hovudsak positive utslag, også her med størst andel på «I nokså stor grad» med 40%. Dette tyder på eit positivt inntrykk av barnehagens LOA. Men 10 % svara «I liten grad», så nokon føresatte sit ikkje med dette inntrykket.
- Sand barnehage:** Svarfordelinga ved Sand barnehage er variert, med størst andel på dei midterste kategoriene «I nokså stor grad» (32%) og «I nokså liten grad (29%). Dette tyder på at føresatte er ok fornøgde med LOA, og at det er nokon variasjonar i opplevinga av barnehagen sine fasilitetar.
- Kjølvikstølen barnehage:** heile 67 % meiner at barnehagen har godt eigna leike- og opphaldsareal i stor grad, og elles små utslag på dei andre kategoriene. Dette viser eit positivt inntrykk av barnehagen sine fasilitetar, sjølv om nokre ikkje er helt einige.



#### Oppsummering


Undersøkinga viser at det er noko variasjon i korleis foreldre opplever barnehagane sine leike- og opphaldsareal. Nokre barnehagar, som Vinjar og Kjølvikstølen, har høge vurderingar, medan andre barnehage har nokre låge vurderingar. Dette kan tyde på at det er behov for å vurdere kvaliteten og tilrettelegginga av areala i enkelte barnehagar.

**Spørsmål 17) I kva grad meiner du barnehagelokala har helsefremjande inneklima, med tanke på luft, lys og lyd?**

Målet er å undersøke i kva grad barnehagelokala har helsefremjande inneklima, mtp. luft, lys og lyd.

**Hovudfunn**

- Generelt ser det ut til at dei fleste barnehagane har eit helsefremjande inneklima i stor eller svært stor grad. Det er likevel nokre barnehagar, særleg Jelsa og delvis Sand, der fleire foreldre uttrykkjer uro for inneklimaet. 6 av 69 valde å ikkje svare / svara «Veit ikkje»
- Vinjar barnehage:** 62 % meiner at inneklimaet i barnehagen er helsefremjande i svært stor grad, og 31 % svarar i stor grad. Dette tyder på at Vinjar barnehage blir oppfatta som svært god når det gjeld inneklima, og at både luft, lys og lyd fungerer godt for dei fleste.
- Jelsa oppvekstsenter, barnehage:** Her er det meir delte meininger. 50 % meiner at inneklimaet berre er helsefremjande i nokså liten grad, medan 33 % svarar i nokså stor grad og 17 % i stor grad. Dette kan tyde på at det er utfordringar med inneklimaet, og at det kan vere behov for tiltak.
- Stølane barnehage:** 60 % meiner at inneklimaet er helsefremjande i nokså stor grad og 20% i stor grad, medan 15 % svarar i liten grad. Dette viser at dei fleste har ei positiv oppfatning, men at det òg finst nokre som opplever inneklimaet som mindre tilfredsstillende.
- Sand barnehage:** Svarfordelinga her er meir variert: flest, med 37 %, meiner inneklimaet er bra i nokså stor grad, og 22% seier i stor grad. Samtidig meiner 19 % at det berre er i nokså liten grad, og det er og utslag på dei nedste alternativa. Dette tyder på at opplevinga av inneklimaet varierer mykje, det kan vere ulik kvalitet i ulike delar av barnehagen og at det kan vere behov for tiltak.
- Kjølvikstølen barnehage:** 42 %, meiner at inneklimaet er helsefremjande i svært stor grad, og 25 % i stor grad. 17 % svarar i nokså stor grad, medan 17 % ikkje ønskjer å svare. Dette tyder på at barnehagen stort sett blir oppfatta som svært god når det gjeld inneklima.



**Oppsummering**


Undersøkinga viser at dei fleste barnehagane har eit helsefremjande inneklima, med tanke på luft, lys og lyd, i stor eller svært stor grad. Dette tyder på at barnehagane generelt har gode forhold for barna, men at det finst enkelte barnehagar der det kan vere behov for forbetringar.

## Spørsmål 18) I kva grad er barnehagen universelt utforma, med likeverdig tilkomst til ulike rom, soner og funksjonar i bygget?

Målet er å undersøke i kva grad barnehagane er universelt utforma, med likeverdig tilkomst til ulike rom, soner og funksjonar i bygget.

### Hovudfunn

- 6 av 69 deltagara svara ikkje på dette spørsmålet. Generelt ser det ut til at dei fleste barnehagane er universelt utforma i stor eller svært stor grad. Nokre barnehagar, som Jelsa og delvis Sand, har likevel fleire som opplever manglande tilrettelegging.
- **Vinjar barnehage:** Heile 54 % meiner at barnehagen er universelt utforma i svært stor grad og 31% i stor grad. Dette tyder på at Vinjar blir oppfatta som svært godt tilrettelagt for alle barn, sjølv om det er nokon små utslag som ikkje støttar opp om dette.
- **Jelsa oppvekstsenter:** Her meiner 50 % at barnehagen berre er universelt utforma i nokså liten grad. Dette kan tyde på at fleire opplever utfordringar med tilkomst og tilrettelegging. 33 % meiner barnehagen er universelt utforma i stor grad, så her er det ulike oppleving av bygget.
- **Stølane barnehage:** 50 % meiner at barnehagen er universelt utforma i stor grad, og 39% i nokså stor grad. Dette indikerer at dei fleste har ei positiv oppfatning, men det finst også nokre som er usikre eller opplever manglar.
- **Sand barnehage:** Den største gruppa, 37 %, meiner at barnehagen er universelt utforma i nokså stor grad. Samtidig er det ein del som anten er usikre eller meiner det er lågare grad av tilrettelegging, noko som tyder på varierande erfaringar.
- **Kjølvikstølen barnehage:** Her meiner 42 % at barnehagen er universelt utforma i svært stor grad, og 26% i stor grad. Dette viser at barnehagen i stor grad blir oppfatta som godt tilrettelagt, sjølv om nokre er usikre eller har andre erfaringar.



### Oppsummering


Undersøkinga viser at dei fleste barnehagane er universelt utforma i stor eller svært stor grad. Dette tyder på at barnehagane generelt har gode tilhøve for alle barn, men at det finst enkelte barnehagar der det kan vere behov for forbetringar

### Spørsmål 19) I kva grad meiner du uteområdet er universelt utforma og gjev likeverdig tilkomst til ulike soner og areal?

Målet med spørsmålet er å undersøke i kva grad barnehagane sine uteområde er universelt utforma og gjev likeverdig tilkomst til ulike soner og areal.

#### Hovudfunn

- Generelt ser det ut til at dei fleste barnehagane har uteområde som er universelt utforma i stor eller svært stor grad. Det er likevel nokre barnehagar, som Sand, der fleire opplever manglande tilrettelegging. Kun 6 % svara ikkje på spørsmåle / svara «Veit ikkje».
- Vinjar barnehage** får svært gode tilbakemeldingar når det gjeld universell utforming av uteområda. Heile 62 % meiner at uteområdet er universelt utforma i svært stor grad, og 23 % svarar i stor grad. Dette kan tyde på at uteområda ved Vinjar barnehage er godt tilrettelagt for alle barn.
- Jelsa oppvekstsenter** får meir delte tilbakemeldingar, med like mange (33%) som meiner at uteområdet er universelt utforma i svært stor grad som i liten grad. Dette viser at det er svært ulike oppfatning av uteområda, noko som bør sjåas grundigare på.
- Stølane barnehage** Dei fleste 60% meiner uteområdet er universelt utforma i stor grad. Men det er også noko utslag som visar at det er føresette som ikkje meiner det er godt nok tilrettelagt.
- Sand barnehage** har og variert svarfordeling. 26 % meiner at uteområdet er universelt utforma i stor grad, 30 % svarar i nokså stor grad, medan 19% meiner det i liten grad er tilrettelagt. Dette tyder på at dei fleste opplever uteområda som godt tilrettelagt, men det finst også nokre som ser forbettingspotensial og meir jamn tilrettelegging.
- Kjølvikstølen barnehage** får svært gode tilbakemeldingar, med 50 % som meiner at uteområdet er universelt utforma i svært stor grad og 25 % som svarar i stor grad. Det er ingen negative svar, noko som viser at uteområda ved Kjølvikstølen barnehage er godt tilrettelagt for alle barn.



#### Oppsummering


Undersøkinga viser at dei fleste barnehagane har uteområde som er universelt utforma i stor eller svært stor grad. Dette tyder på at barnehagane generelt har gode tilhøve for alle barn, men at det finst enkelte barnehagar der det kan vere behov for forbetingar.

## Spørsmål 20) I kva grad vurderer du at uteområdet inspirerer til variert læring, leik og samhandling?

Målet er å undersøke i kva grad uteområdet i barnehagane inspirerer til variert læring, leik og samhandling.

### Hovudfunn

- Generelt ser det ut til at dei fleste barnehagane har uteområde som inspirerer til variert læring, leik og samhandling i stor eller svært stor grad. Det er likevel nokre barnehagar, som Sand, der fleire opplever manglende tilrettelegging. Kun 6 % svara ikkje på spørsmåle / svara «Veit ikkje».
- Vinjar barnehage** får svært gode tilbakemeldingar når det gjeld uteområdet sitt. 54 % meiner at uteområdet er inspirerande i svært stor grad, og 31 % svarar i stor grad. Dette tyder på at uteområdet ved Vinjar barnehage er godt tilrettelagt for å stimulere barna til læring og leik.
- Jelsa oppvekstsenter** får også positive tilbakemeldingar, med heile 67 % som meiner at uteområdet er inspirerande i svært stor grad. Dei resterande svarar i nokså stor grad. Dette viser at uteområdet ved Jelsa oppvekstsenter er godt tilrettelagt for å fremje læring og leik blandt barna.
- Stølane barnehage** har ein meir variert svarfordeling. Like mange (30%) svarar i stor grad og i nokså stor grad. Dette tyder på at dei fleste opplever uteområdet som tilrettelagt for inspirasjon, men i større og mindre grad.
- Sand barnehage** har ei brei spreiing i svara, der hovudvekta er mot middels/negativt. Svara tydar på at det er behov for forbetringar og meir jamn tilrettelegging.
- Kjølvikstølen barnehage** får svært gode tilbakemeldingar, med heile 75 % som meiner at uteområdet inspirerer til variert læring, leik og samhandling i svært stor grad .Dette viser at uteområdet ved Kjølvikstølen barnehage er godt tilrettelagt for å stimulere barna til læring og leik.



### Oppsummering


Undersøkinga viser at dei fleste barnehagane har uteområde som inspirerer til variert læring, leik og samhandling i stor eller svært stor grad. Dette tyder på at barnehagane generelt har gode tilhøve for å stimulere barna til læring og leik, men at det finst enkelte barnehagar der det kan vere behov for forbetringar.

## Spørsmål 21) I kva grad meiner du at det er trygt for barn og føresette å kunne gå og sykle til barnehagen?

Målet med spørsmålet er å kartlegge i kva grad føresette opplever at det er trygt å gå eller sykle til barnehagen saman med barna.

### Hovudfunn

- På tvers av barnehagane viser undersøkinga at mange føresette opplever det som trygt å gå og sykle til barnehagen, men det finst også fleire som uttrykkjer uro, særleg ved Stølane og Kjølvikstølen. Sand barnehage har stor variasjon i svara, noko som kan tyde på ulike forhold i ulike delar av nærmiljøet. Kun 4 % svara ikkje på spørsmåle / svara «Veit ikkje».
- Vinjar barnehage:** her meiner eit klart fleirtal, 62%, at det er svært trygt å gå og sykle til barnehagen. Men det er eit lite utslag på det lågaste alternativet. Dette gir eit bilet av i hovudsak høg opplevd tryggleik i nærmiljøet rundt barnehagen, medan nokon barn har meir utrygg veg.
- Jelsa oppvekstsenter** har også gode resultat, med 33% som meiner det er svært trygt og like mange som meiner det er trygt i stor grad. Samtidig er det nokon utslag på dei lågare alternativa, noko som kan tyde på at opplevelinga varierer noko mellom brukarane, mulig grunna ulike tilkomst.
- Stølane barnehage** Det er like mange, 40%, som svarar i stor grad som i nokså liten grad på om dei meiner det er trygt for barn og føresette å kunne gå/sykle til barnehagen. Dette kan tyde på at det er utfordringar knytt til trafikktryggleik eller tilkomst for nokre av barna.
- Sand barnehage** har ei delt vurdering, der størst andel 39% svara i nokså stor grad. Elles er det utslag på alle dei andre alternativa. Dette kan tyde på at det er utfordringar knytt til trafikktryggleik eller tilkomst for nokre av barna.
- Kjølvikstølen barnehage** skil seg ut med fleire som meiner det er lite trygt. 33% svara i «svært liten grad» noko som bør tas på alvor og sees på grundigare. Elles er svara spredt på dei andre alternativa. Dette gir eit meir ujamnt bilet, og det kan vere behov for å sjå nærmare på tryggleiken i området rundt barnehagen.



### Oppsummering

Undersøkinga viser at det stor variasjon innan i dei ulike barnehagane. Dette kan skyldast at barn har ulik veg til barnehagane, der nokre tilkomstar er tryggare enn andre. Resultata bør vurderast nærmare, for å sikre at alle barn og føresette kan komme seg trygt til og frå barnehagen.